

FLEIRE FORELDRE ER I ARBEID ETTER ENDRINGANE I KONTANTSTØTTEORDNINGA

Av Espen Steinung Dahl

Samandrag

I denne artikkelen ser vi på korleis endringane i kontantstøtteordninga i 2012 har verka inn på yrkesdeltakinga til foreldra. Tidlegare studiar har vist at innføringa av kontantstøtte i 1998 førte til at mødrer jobba mindre. I denne analysen finn vi at etter at kontantstøtta for toåringar blei avvikla i 2012, har både mødrene og fedrane jobba meir.

Auka satsar for dei yngste eittåringane ser ikkje ut til å svekkje arbeidstilknytninga til foreldra. Sjølv om bruken av kontantstøtte har gått noko opp for eittåringane, er det faktisk fleire mødrer til eittåringar som er i tilbake i jobb no enn før satsane blei endra. Dei som nyttar seg av kontantstøtteordninga, er likevel i langt mindre grad enn andre mødrer tilbake i jobb eitt år etter fødselen.

Inntektsnivået er nært knytt til kor sannsynleg det er at ein er tilbake i jobb: Dei med lågast inntekt er i langt mindre grad enn andre tilbake i jobb etter at dei har fått barn. Sannsynet for å vere i arbeid er også lågare for foreldre som er fødde i ikkje-vestlege land. Men vi finn ikkje at fjerninga av kontantstøtte for toåringar har hatt ulik effekt på sysselsetjinga for dei som er fødde i Noreg, og dei som er fødde i utlandet.

Innleiing

Kontantstøtta blei innført i 1998 som eit verkemiddel for å gi foreldre større valfridom og meir tid til å sjølv ta hand om omsorga for sine eigne barn. Støtta har vore politisk svært omstridd, og ei hovudinnvending mot støtta har vore at ho verkar negativt inn på arbeidstilknytninga til mødrene. Dette var eit viktig argument då regjeringa Stoltenberg frå og med 1. august 2012 fjerna kontantstøtta for toåringar.

Det er rett nok ikkje ein nødvendig samanheng mellom mottak av kontantstøtte og redusert yrkesdeltaking. Men dersom ein får full kontantstøtte, vil det seie at ein ikkje nyttar barnehagen, og dei fleste av kontantstøttemottakarane i dag får full sats. Dei kan få hjelp av andre til å ha omsorg for barna, til dømes frå dagmamma eller andre familiemedlemmer, eller dei kan sjølv vere heime med barnet. Bakken og Myklebø (2010) viser at bruken av andre omsorgspersonar enn mor, far eller barnehage er lite utbreidd i dag. Derfor er det truleg få som får kontantstøtte og samtidig er i arbeid.

Tidlegare studiar har også vist at kontantstøtta har ført til at kvinner i mindre grad er i jobb (Naz 2004), og at dei mødrene som framleis var i arbeidslivet, reduserte den gjennomsnittlege stillingsprosenten (Schøne 2004). Det blei påvist at desse effektane gjaldt rett etter innføringa og var relativt moderate. Seinare er det påvist sterkare negative effektar på arbeidstilknytninga til mødrene (t.d. Rønsen 2009).

Det er likevel ikkje slik at yrkesdeltakinga for desse kvinnene blir varig redusert (Drange og Rege, 2013). Ingen har funne at sysselsetjinga for fedrane er påverka av kontantstøtta.

Samtidig som kontantstøtta blei fjerna for toåringane, blei ho også styrkt for dei yngste eittåringane. Satsane for barn mellom 13 og 18 månader blei auka, medan satsane var uendra for barn mellom 19 og 23 månader. Satsstrukturen blei også endra. For barn som ikkje går full tid i barnehage, kan foreldra få delvis kontantstøtte. Etter endringa kan dei få halv sats dersom barnet har mindre enn 20 timar opphaldstid i barnehagen. Tidlegare kunne kontantstøtte bli gitt med fem ulike satsar.

Kontantstøtte

Foreldre med barn mellom eitt og to år eller foreldre til adoptivbarn som ikkje har begynt på skule, kan få kontantstøtte. Det er eit vilkår for å få kontantstøtte at barnet ikkje nyttar barnehage som har offentleg driftstilskot. Dersom barnet går i barnehage og den avtalte opphaldstida er mindre enn 20 timar, kan ein likevel få 50 prosent kontantstøtte. Ein kan få kontantstøtte i maksimalt elleve månader. Det er ulike satsar basert på alderen til barnet. For barn mellom 13 og 18 månader kan ein få 5000 kroner per måned, og for barn mellom 19 og 23 månader kan ein få 3303 kroner per måned. Kontantstøtte kan kombinerast med foreldrepengar utan avkorting. Ein må søkje om kontantstøtte for å få det.

Den politiske debatten om kontantstøtta

Kontantstøtta blei innført for eittåringar av den første Bondevik-regjeringa i 1998, og utvida til å gjelde toåringar i 1999. Grunngevinga var å sørge for at familiane skulle få meir tid til sjølv å ta omsorga for eigne barn, at familiane skulle få reell valfridom når det gjeld omsorga for eigne barn, og at det skulle bli meir likskap i overføringane som den enkelte familien får til barneomsorg frå staten, uavhengig av korleis omsorga blir ordna (kontantstøttelova § 1). Delar av den dåverande opposisjonen (Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti) gikk mot innføringa, men med noko ulik argumentasjon. Arbeidarpartiet meinte blant anna at ordninga ville bryte med arbeidslinja i arbeids- og velferdspolitikken (Innst. S. nr. 200 (1997–1998)).

Med verknad frå og med 1. august 2012 gjennomførte den andre regjeringa til Stoltenberg eit sett med endringar i kontantstøttelova, der det viktigaste var å fjerne støtta heilt for toåringar. Denne regjeringa argumenterte med at kontantstøtta braut med arbeidslinja. Dei meinte at ho har ført til at foreldre med barn i kontantstøttealder, og då spesielt kvinner, har trekt seg ut av arbeidslivet (Prop. 8 L (2011–2012)). Fleire offentleg utval har også foreslått å avvike eller fase ut kontantstøtta av likestillings- og integreringsomsyn (NOU 2009, NOU 2011a, NOU2011b). Den dåverande opposisjonen ville derimot behalde kontantstøtta. Dei meinte støtta verka etter formålet i lova.

Regjeringa Solberg har no vedteke å auke satsane for alle eittåringar til 6000 kroner per måned frå og med 1. august 2014.

Formålet med denne artikkelen er å sjå om desse lovendringane har ført til endringar i sysselsetjinga blant foreldre med barn i kontantstøttealder. Fjerninga av kontantstøtte for toåringar kan ha ført til at foreldre med barn i denne alderen jobbar meir, medan dei auka satsane for dei yngste eittåringane kan ha ført til at desse foreldra jobbar mindre. Vi skil derfor mellom desse to gruppene av foreldre i analysen. I tillegg ser vi på i kva grad foreldre med ikkje-vestleg innvandrarbakgrunn skil seg frå andre foreldre, då det er kjent at arbeidstilkyntinga for denne gruppa har vore spesielt negativt påverka av kontantstøtteordninga.

Bruken av kontantstøtte har gått ned

I åra etter innføringa blei kontantstøtta brukt av svært mange. I denne tidlege perioden blei det utbetalt støtte for om lag fire av fem eittåringar (figur 1). Sidan har bruken gått ned i takt med den kraftige utbygginga av barnehagar. Vi må sjå denne utviklinga i lys av at ein ikkje får kontantstøtte for barn som går i barnehage.

Dei økonomiske insentiva for å nytte kontantstøtte er også blitt svekte som følge av at verdien på støtta har gått ned samanlikna med lønnsnivået og prisen for barnehageplass. Ved innføringa av kontantstøtta var støtta på nivå med det statlege driftstilskottet for ein heiltids barnehageplass. Satsane er blitt regulerte enkelte år etter innføringa, men har stått stille sidan 1. januar 2006 før endringane som kom i 2012.


Bruken av kontantstøtte varierer mykje gjennom året (figur 2). Dette har samband med korleis barnehageopptaket fungerer. Barn som er fødte før 1. september, har i dag rett til barnehageplass innan august året etter. Bruken av kontantstøtte blir påverka av dette ved at ein del som har barn som ikkje får plass i barnehage når foreldra ønskjer det, kan få kontantstøtte fram til barnehagestart. Kor stor del av kontantstøttebruken som kjem av mangel på barnehageplass, er usikker. I 2010 meinte over halvparten av foreldra at barnehage var den føretrekte typen tilsyn for eittåringane deira (Bakken og Myklebø, 2010). Tilsvarande tal for toåringar viste at åtte av ti foreldre føretrekte barnehage som tilsynsordning.

Etter auken av kontantstøttesatsane i 2012 for dei yngste eittåringane ser det ut til å ha blitt eit trendskifte. No har det faktisk vore ein auke i talet på kontantstøttemottakarar.

Kontantstøtte meir brukt i delar av innvandrarbefolkninga

Kontantstøtte er noko meir utbreidd i delar av innvandrarbefolkninga. Dette gjeld primært foreldre som er fødte i ikkje-vestlege land (figur 3). Men denne gruppa ser ut til å følgje same tendensen som gruppa av mødrer fødte i Noreg og i andre vestlege land – med ein nedgang i bruken fram til 2012, og ein påfølgjande auke etter satsendringane for dei yngste barna. Rundt ein av fem mødrer er fødte i ikkje-vestlege land, med

Figur 1. Del barn med barnehageplass og del barn med kontantstøtte i løpet av året, etter aldersgruppe. Prosent



Kjelde: SSB og NAV


ein viss auke i den perioden som er med i analysane våre. Det siste har sannsynlegvis samanheng med den auka arbeidsinnvandringa dei siste åra.

Det er tidlegare vist at kontantstøtta har hatt negativ effekt på arbeidstilkyntinga for ikkje-vestlege innvandarkvinner (Hardoy og Schøne, 2010).

Mødrer til eittåringar jobbar like mykje som før


Innføringa av kontantstøtte viste seg som tidlegare nemnt å ha ein negativ effekt på sysselsetjinga blant kvinner (Naz 2004, Schøne 2004 og Rønsen 2009). På tilsvarande måte kunne det tenkjast at satsauken for dei yngste barna i 2012 kunne få ein negativ

Figur 2. Del med kontantstøtte av dei som har barn i kontantstøttealder, etter fødselsmånad til barnet. Prosent.



Kjelde: NAV

Figur 3. Del mødrer som nyttar kontantstøtte til eittåring, etter fødeland. Prosent



Kjelde: NAV

effekt på sysselsetjinga til foreldra. Kostnaden ved å vere heime med ein eittåring har relativt sett blitt mindre som ei følgje av auken i satsane frå 3303 til 5000 kroner per månad.

Her ser vi på utviklinga for dei som var i arbeid før fødselen. Vi går ut frå at desse i størst grad lét seg påverke av insentiva til arbeid. I analysen er det med i overkant av 60 000 mødrer og fedrar kvart år. Litt over sju av ti mødrer er registrerte i arbeid før fødsel, medan i underkant av åtte av ti av fedrar er det.

Vi finn inga negativ utvikling i delen mødrer med eittåringar i arbeid etter at satsane for kontantstøtte auka frå 1. august 2012. Delen som er i arbeid, ser derimot ut til å ha auka i perioden etter endringane (figur 4).

For å kontrollere om endringane kan relaterast til kontantstøtteordninga, og ikkje kjem av generelle endringar på arbeidsmarknaden, har vi laga ei samanlikningsgruppe. Vi har gjort greie for korleis denne gruppa er sett saman i faktaboksen om data og metode.

Barnehageopptaket påverkar sannsynet for at mødrer er i arbeid

I regresjonsanalysen finn vi at bruk av kontantstøtte reduserer sannsynet for å vere i arbeid med tolv prosentpoeng (tabell 1). Denne variabelen viser om ein av foreldra får kontantstøtte for barnet i månaden etter eittårsdagen. Dei auka satsane for dei yngste eittåringane ser derimot ikkje ut til å ha påverka sysselsetjinga i nokon stor grad. Sysselsetjinga ser tvert imot ut til å ha

Data og metode

Som utgangspunkt for analysen har vi nytta befolkningsregisteret til NAV. Herifrå har vi henta ut alle barn i kontantstøttealder og foreldra deira. Vi har kopla desse med kontantstøtteregisteret til NAV. Dette gir opplysningar om kven som har fått kontantstøtte i gitte månader, og om dei har nytta ein eventuell kombinasjon med deltids plass i barnehage. Vi har nytta tal for forelder med barn fødde frå og med fjerde kvartal 2007 og til og med tredje kvartal 2012, og følgt med om dei er i arbeid før og i enkelte periodar etter fødselen.

For å finne ut kven som er i arbeid, har vi nytta Arbeidstakar-/arbeidsgivarregisteret (Aa-registeret). Dette registeret omfattar berre personar som er i eit registrert arbeidsforhold. Personar som får inntekta si berre som sjølvstendig næringsdrivande, er derfor ikkje inkluderte i analysane. Arbeidsgivar har plikt til å melde om opphøyr av arbeidsforhold ved permisjonar utover 14 dagar. Det er noko usikkert om kvaliteten på desse registreringane. Men vi kan rekne med at kvaliteten ikkje endrar seg i den perioden vi ser på i denne analysen, slik at registerkvaliteten ikkje påverkar resultatata i nokon stor grad.

I tillegg har vi henta inntektsopplysningar frå inntektsregisteret. Inntektene er grupperte etter storleik og fordelte på inntektskvintilar (det vil seie at populasjonen er fordelte på fem like store grupper).


Vi har nytta fødeland som bakgrunnsvariabel. Desse er fordelte på Noreg, «vestlege» og «ikkje-vestlege» land. Vestlege land omfattar her EU-landa, utanom dei austeuropeiske EU-landa som har blitt medlemmer sidan 2004,

EØS-landa, USA, Canada, Australia og New Zealand. Ikkje-vestlege land er dei andre landa.*

For å finne ut om sysselsetjinga har endra seg etter endringane i kontantstøtta, har vi brukt ein logistisk regresjonsmodell. Med utgangspunkt i oddsratar har vi berekna tilstandssannsyn. Desse fortel kor sannsynleg det er at referansepersonen, her definert som ein person med gitte eigenskapar på dei aktuelle variablane, er i arbeid eitt eller to år etter fødselen (meir spesifikt har vi funne ut om dei er i arbeid når barnet er høvesvis 13 og 24 månader). Deretter bereknar vi tilsvarande tilstandssannsyn for dei andre verdiane etter dei same variablane. Dei viser då kor sannsynleg det er at personen er i arbeid, gitt at den aktuelle variabelen endrar seg. Vi presenterer forskjellar i tilstandssannsyn for dei ulike forklaringsvariablane samanlikna med referansepersonen. Dersom variablane ikkje er fem prosent signifikant forskjellig frå referanseverdien, gir vi variabelen verdien 0.

For å kontrollere om endringane i kontantstøtteordninga har hatt ein effekt på sysselsetjinga, har vi konstruert ei samanlikningsgruppe. Denne gruppa består av eit tilfeldig utval personar i same alder som dei som har barn i kontantstøttealderen, men som ikkje sjølve har barn i denne alderen. I tillegg er samanlikningsgruppa sett saman av like mange personar fødde i ikkje-vestlege land som det er i gruppa med barn i kontantstøttealder. Personane er i jobb i utgangspunktet, og vi undersøker om dei er i jobb i høvesvis tur eitt eller to år seinare på same måte som for foreldra i analysen.

* SSB har gått bort frå å nytta vestleg og ikkje-vestleg i sine statistikkar. Men i denne analysen har vi vald å fortsatt nytta desse omgrepa, sidan foreldra i desse gruppene oppfører seg relativt likt.

Figur 4. Del mødrer i arbeid eitt år etter fødsel, blant dei som var i arbeid før fødselen, etter fødselstidspunkt. Prosent

Kjelde: NAV

auka etter desse endringane. Dei som var omfatta av satsendringane, har auka sannsyn for å vere i jobb med eitt til to prosentpoeng. Dette må vi sjå i samanheng med dei generelle tendensane på arbeidsmarknaden. Vi finn nemleg en tilsvarande auke i sysselsetjinga i samanlikningsgruppa, som ikkje har barn i kontantstøttealder.¹

Om vi så ser berre på dei som har nytta kontantstøtte i denne perioden, finn vi heller ikkje store utslag.

I perioden rett etter satsauken har dei som nyttar seg av kontantstøtte, rett nok noko lågare sysselsetjingsgrad enn før endringa, men dette finn vi ikkje igjen i dei neste seks månadene. Vi finn altså ikkje nokon store effektar på yrkesdeltakinga for mødrer etter at kontantstøttesatsane auka.

Sannsynet for at mødrer til eittåringar er i arbeid, varierer elles mykje ut ifrå når på året barnet er fødd. Dette har

truleg samanheng med barnehageopptaket i august og om barnet har rett til plass i barnehage, som vi også såg i figur 2. Men her finn vi at det er mødrer som har barn fødde i andre kvartal, som i minst grad er tilbake i jobb. Desse har i utgangspunktet rett til barnehageplass frå august det året barnet fyller eitt år. Men det er mogleg at det er få som startar i jobb igjen midt på sommaren, og at dei er tilbake i jobb noko seinare på året.

Mødrer som sjølve kjem frå ikkje-vestlege land, har noko lågare sannsyn for å vere tilbake i jobb eitt år etter fødselen enn andre mødrer. Forskjellen er likevel ikkje større enn to prosentpoeng. Inntekt har derimot ein sterk effekt på kor sannsynleg det er at ein returnerer til jobb. Det er som venta dei med lågast inntekt som i minst grad er i jobb.

Det er noko variasjon mellom dei ulike fylka, der Akershus, Oslo og fylka på Sør-Vestlandet skil seg ut. Sannsynet for å vere tilbake i jobb er lågast i desse fylka. Det kan ha samanheng med barnehagedekninga, samtidig som kultur og haldningar truleg også spelar inn.

.....


¹ Vi har utført den same regresjonen for samanlikningsgruppa som for dei som har barn i kontantstøttealder, men fann ikkje plass til å inkludere desse resultatane i artikkelen.

Tabell 1. Resultat av logistisk regresjon. Forskjellar i sannsynet for å vere i arbeid eitt år etter fødsel etter kjenneteikn, samanlikna med referanseperson. Mødrer med barn fødte 2008–2012 og i jobb før fødsel. Prosentpoeng

Kjenneteikn	Forskjell i jobbsannsyn	Kjenneteikn	Forskjell i jobbsannsyn
Teke ut kontantstøtte	-12	Busett i:	
Omfatta av satsendring (rett etter endring)	1	Akershus	-3
Omfatta av satsendring (> halvt år etter endring)	2	Oslo	-5
Omfatta av satsendring (rett etter endring) og teke ut kontantstøtte	-1	Hedmark	2
Omfatta av satsendring (> halvt år etter endring) og teke ut kontantstøtte	1	Oppland	2
Mor fødd utanfor Noreg i vestleg land	0	Buskerud	-1
Mor fødd utanfor Noreg i ikkje-vestleg land	-2	Vestfold	-2
Barn født i andre tertial	-2	Aust-Agder	-4
Barn født i tredje tertial	5	Vest-Agder	-2
Enke	0	Rogaland	-3
Ugift	0	Hordaland	-3
Skild/separert	-2	Sør-Trøndelag	3
1. inntektskvartil	-13	Nord-Trøndelag	2
2. inntektskvartil	-5	Nordland	3
4. inntektskvartil	5	Andre fylke	0
5. inntektskvartil	8		

Referanseperson: Mor fødd i Noreg, gift, barn født i første tertial, middels inntekt, busett i Østfold, ikkje teke ut kontantstøtte og høve til å få kontantstøtte etter gammal sats. Referansepersonen har 77 prosent sannsyn for å vere i arbeid eitt år etter fødselen.

Figur 5. Del fedrar i arbeid eitt år etter at barnet blei fødd, blant dei som også var i arbeid før fødselen, etter fødselstidspunkt. Prosent



Legend:
■ Fedrar til eittåringar - ikkje påverka av endringar
■ Fedrar til eittåringar - påverka av endringar
— Samanlikningsgruppe

Kjelde: NAV

Færre fedrar tilbake i arbeid

Fedrane ser i langt mindre grad enn mødrene ut til å vere påverka av om barnet har rett til barnehageplass eller ikkje, i og med at variasjonane i sannsynet for å

Tabell 2. Resultat av logistisk regresjon. Forskjellar i sannsyn for å vere i arbeid 1 år etter fødsel etter kjenneteikn, samanlikna med referanseperson. Fedrar med barn fødde 2008–2012 og i jobb før fødsel. Prosentpoeng

Kjenneteikn	Forskjell i jobbsannsyn
Teke ut kontantstøtte	0
Omfatta av satsendring (rett etter endring)	-1
Omfatta av satsendring (> halvt år etter endring)	-1
Omfatta av satsendring (rett etter endring) og teke ut kontantstøtte	0
Omfatta av satsendring (> halvt år etter endring) og teke ut kontantstøtte	1
Far fødd utanfor Noreg i vestleg land	-1
Far fødd utanfor Noreg i ikkje-vestleg land	-4
Barn født i andre tertial	0
Barn født i tredje tertial	2
Enkemann	-7
Ugift	-1
Skild/separert	-2
1. inntektskvintil	-8
2. inntektskvintil	-2
4. inntektskvintil	2
5. inntektskvintil	2
Busett i:	
Akershus	-1
Oslo	-3
Aust-Agder	-2
Hordaland	-1
Troms	-2
Finnmark	-2
Andre fylke	0

Referanseperson: Far fødd i Noreg, gift, barn født i første tertial, middels inntekt, busett i Oppland, ikkje teke ut kontantstøtte og høve til å få kontantstøtte etter gammal sats. Referansepersonen har 90 prosent sannsyn for å vere i arbeid eitt år etter fødselen.

vere i arbeid når barnet er eitt år, er mindre gjennom året (figur 5). Dei er heller ikkje påverka av om ein av foreldra tek imot kontantstøtte. Når vi samanliknar med andre menn i den same aldersgruppa, har det vore ein trend dei siste to åra at fedrar i mindre grad enn andre er i jobb. Dette har sannsynlegvis samanheng med utvidingane av fedrekvoten, og at dei i større grad enn tidlegare framleis er heime med foreldrepenge når barnet fyller eitt år.

Vi finn elles nokolunde dei same mønstra når det gjeld kjenneteikna inntekt, fødeland og bustad til far som vi fann for mødrene.

Auka sysselsetjing blant foreldre til toåringar


Vi skal no sjå nærare på sysselsetjingseffektane av at kontantstøtta for toåringar blei fjerna frå 1. august 2012. Det er her rimeleg å forvente ein auke i delen som er tilbake i jobb to år etter fødsel, ettersom dei ikkje har alternativet kontantstøtte lenger. Også i desse analysane har vi berre sett på dei som var i jobb før fødselen.

Fleire mødrer i arbeid

Sysselsetjinga blant mødrer til toåringar har auka etter at kontantstøtta blei fjerna for desse barna (figur 6). Det er i dei to siste periodane i figur 6 at foreldra ikkje lenger har rett til kontantstøtte. Til samanlikning har delen i jobb for dei utan barn i kontantstøttealder også auka, men ikkje like mykje som for dei som har barn i kontantstøttealder.

Når vi kontrollerer for andre variablar, finn vi at sannsynet for å vere i arbeid to år etter fødselen har auka signifikant etter at kontantstøtta for toåringar blei fjerna (tabell 1). Sannsynet for at ei mor til ein toåring er i arbeid, er tre prosentpoeng høgare i andre til tredje kvartal av 2013 enn i tidlegare periodar. Vi har her valt å skilje mellom perioden rett etter endringa av kontantstøtte og eit halvt år etter, og det er berre i den siste perioden at sannsynet for å vere i arbeid har auka. Det verkar rimeleg at foreldra bruker ei viss tid på å tilpasse seg dei nye reglane, sjølv om endringane var kjende frå då statsbudsjettet blei lagt fram hausten 2011.

Figur 6. Del mødrer i arbeid to år etter fødsel, etter fødselstidspunkt. Prosent



Kjelde: NAV

Vi har gjennomført tilsvarande regresjon også for samanlikningsgruppa.² Sannsynet for å vere i jobb har auka også for denne gruppa etter endringane i kontantstøtteleova, men ikkje like mykje for gruppa av mødrer til toåringar. For samanlikningsgruppa har sannsynet for å vere i jobb auka med eitt prosentpoeng. Det er derfor svært sannsynleg at omlegginga av regelverket har medverka til å auke sannsynet for å vere tilbake i jobb for desse mødrene. Rekna om til tal på sysselsette svarer dette til ein auke på om lag 900 personar per år.

Når på året barnet er fødd, påverkar sannsynet for at mødrene er tilbake i jobb, også når barnet har blitt to år. Dei som har barn fødte i tredje tertial, har til dømes fem prosentpoeng høgare sannsyn for å vere i jobb enn dei som har barn fødte i andre tertial. Det er i utgangspunktet ikkje nokon grunn til å vente ein slik variasjon, ut frå korleis barnehageopptaket fungerer. Som vist i figur 2 varierer bruken av kontantstøtte gjennom året fordi det berre er eitt årleg barnehageopptak. Dette gjeld likevel berre for eittåringane, ettersom alle barn som har fylt to år, har rett til barnehageplass. Det er derfor overraskande at fødselstidspunktet til barnet

også ser ut til å påverke jobbsannsynet for mødrer til toåringar, og at det er mødrer som har barn fødte i tredje tertial, som i størst grad er tilbake i jobb.

Delen mødrer i jobb to år etter fødselen varierer sterkt etter kva land mor er fødd i. Vi minner om at vi her berre har teke med dei som var i arbeid før fødselen. Det er mødrer frå ikkje-vestlege land som skil seg ut. Desse har ti prosentpoeng mindre sannsyn for å vere tilbake i jobb to år etter fødselen enn andre mødrer. Forskjellen mellom ikkje-vestlege innvandrarak og andre mødrer har dermed auka betydeleg frå barnet er eitt til det er to år. Dette kan kome av at valet om kontantstøtte for eittåringar i større grad er påverka av manglande barnehage tilbud, slik at moglege forskjellar i preferansar for tilsyn med barna blir mindre tydelege her.

Når vi ser på utviklinga etter at kontantstøtta for toåringar blei fjerna, finn vi derimot ingen forskjell mellom mødrer fødte i eller utanfor Noreg når det gjeld sannsynet for å vere i jobb.³ Med andre ord har

² Tal ikkje viste.

³ Dette er ikkje vist i tabell 3, men vi forsøkte med ein kryssvariabel av mor fødd i ikkje-vestleg land og om det er mogleg for henne å få kontantstøtte eller ikkje – denne viste seg å ikkje vere signifikant.

Tabell 3. Resultata av logistisk regresjon. Forskjellar i sannsynet for å vere i arbeid to år etter fødsel etter kjenneteikn, samanlikna med referanseperson. Mødrer med barn fødte 2007–2011 og i jobb før fødsel. Prosentpoeng

Kjenneteikn	Forskjell i jobbsannsyn
Ikkje høve til å få kontantstøtte (rett etter endring)	0
Ikkje høve til å få kontantstøtte (> halvt år etter endring)	3
Mor fødd utanfor Noreg i vestleg land	0
Mor fødd utanfor Noreg i ikkje-vestleg land	-10
Barn født i første tertial	1
Barn født i tredje tertial	5
Enke	0
Ugift	-2
Skild/separert	-5
1. inntektskvintil	-17
2. inntektskvintil	-5
4. inntektskvintil	6
5. inntektskvintil	9
Buset i:	
Oslo	-3
Oppland	2
Aust-Agder	-2
Rogaland	-1
Sogn og Fjordane	3
Møre og Romsdal	3
Sør-Trøndelag	3
Nord-Trøndelag	2
Nordland	2
Andre fylke	0


Referanseperson: Mor fødd i Noreg, gift, med barn født i andre tertial, middels inntekt, busett i Østfold og høve til å få kontantstøtte. Referansepersonen har 77 prosent sannsyn for å vere i arbeid to år etter fødselen.

Tabell 4. Resultat av logistisk regresjon. Forskjellar i sannsynet for å vere i arbeid to år etter fødsel etter kjenneteikn, samanlikna med referanseperson. Fedrar med barn fødte 2007–2011 og i jobb før fødsel. Prosentpoeng

Kjenneteikn	Forskjell i jobbsannsyn
Ikkje høve til å få kontantstøtte (rett etter endring)	0
Ikkje høve til å få kontantstøtte (> halvt år etter endring)	2
Far fødd utanfor Noreg i vestleg land	-1
Far fødd utanfor Noreg i ikkje-vestleg land	-8
Barn født i første tertial	0
Barn født i tredje tertial	2
Enkemann	-8
Ugift	-1
Skild/separert	-6
1. inntektskvintil	-10
2. inntektskvintil	-3
4. inntektskvintil	3
5. inntektskvintil	3
Buset i:	
Østfold	-2
Oslo	-1
Hedmark	-1
Vestfold	-2
Telemark	-2
Aust-Agder	-3
Vest-Agder	-2
Nord-Trøndelag	-1
Nordland	-1
Troms	-1
Finnmark	-3
Andre fylke	0

Referanseperson: Far fødd i Noreg, gift, med barn født i andre tertial, middels inntekt, busett i Oppland og høve til å få kontantstøtte. Referansepersonen har 91 prosent sannsyn for å vere i arbeid to år etter fødselen.

Figur 7. Del fedrar i arbeid to år etter fødsel, blant dei som også var i arbeid før fødselen, fordelte på fødselstidspunkt. Prosent.



Kjelde: NAV

sannsynet for å vere i arbeid auka like mykje etter lovendringa for mødrer fødte utanfor Noreg, som for dei som er fødte i Noreg.

Det ser elles ut til å vere ein sterk samanheng mellom inntekt og sannsynet for å vere tilbake i jobb to år etter fødsel. Dette kan kome av at kostnaden ved ikkje å jobbe er mindre for dei med lågare inntekter, og at dei derfor er meir tilbøyelege til å vere heime med barn og få kontantstøtte enn dei med høgare inntekter.

Vi finn også enkelte forskjellar baserte på kvar kvinnene bur. Mødrer til toåringar i Oslo og på Sør-Vestlandet er i noko mindre grad enn andre tilbake i jobb.

Også fleire fedrar i arbeid

Syssetjinga blant fedrar til toåringar har også auka (figur 7). Delen som er tilbake i jobb to år etter at barnet blei fødd, er i utgangspunktet høgare blant fedrane enn blant mødrene. Samtidig har også sannsynet for at fedrane er i jobb, auka signifikant etter endringane i kontantstøtteleova (tabell 4). Dette er kanskje noko overraskande, sidan det hovudsakleg

er mødrer som har fått kontantstøtte. Det kan tyde på at kan vere andre forhold enn endringane i kontantstøtteleova som har gitt ein auke i sysselsetjinga. Dette blir stadfesta gjennom at vi finn ein auke også for samanlikningsgruppa for dei siste to periodane. Auken for fedrar er likevel større enn for samanlikningsgruppa, men differansen er ikkje like stor som for kvinnene.⁴

Det er for så vidt verd å merke seg at vi her finn høgare yrkesdeltaking blant fedrane til toåringar enn i samanlikningsgruppa. Det er neppe slik at sannsynet for å vere i jobb aukar når ein får barn, men truleg er det tale om seleksjonsmekanismer. Det kan til dømes vere fleire menn med svak tilknytning til arbeidsmarknaden i samanlikningsgruppa.⁵

.....

⁴ Vi har utført den same regresjonen for samanlikningsgruppa som for dei som har barn i kontantstøttealder, men fann ikkje plass til å inkludere desse resultatane i artikkelen.

⁵ Eller kan det vere ei selektert gruppe menn som får barn.

Kva kan vi vente framover?

Endringane i kontantstøttelova ser ut til å ha hatt effekt på sysselsetjinga til foreldra allereie på kort sikt. Det var tidlegare relativt få av foreldra til toåringar som nytta seg av kontantstøtte, slik at potensialet for endring ikkje var veldig stort. Vi finn likevel at fleire er i jobb no enn då dei kunne få kontantstøtte. Desse endringane er observerte berre eit halvt år etter lovendringa, og det kan tenkjast at vi får sjå endå sterkare vekst i sysselsetjinga i perioden framover.

I den politiske plattformen for regjeringa Solberg kjem det fram at kontantstøtta skal førast vidare og vidast ut til igjen å inkludere toåringar (Høyre, 2013). Om dette blir gjennomført, kan vi rekne med at yrkesdeltakinga igjen vil gå ned blant dei foreldra som blir omfatta.

Stortinget har nyleg vedteke å auke satsane for alle eittåringane til 6000 kroner per måned, samtidig som dei aukar foreldrebetalinga for barnehagar. Dermed blir kostnadene ved å velje kontantstøtte lågare enn tidlegare, og økonomisk teori tilseier at det dermed kan bli fleire som vel å bli heime med barn lenger. Vi finn derimot ikkje at den auken av satsane som tok til å gjelde i 2012, har hatt ein slik effekt, så det er uvisst om ein ytterlegare auke i satsane vil påverke sysselsetjinga i særleg grad.

Referansar

Bakken, Frøydis og Sigrid Myklebø (2010) «Nedgang i bruk av kontantstøtte», *Arbeid og velferd*, nr. 1/2010

Drange, Nina og Mari Rege (2013) «Trapped at home: The effect of mothers' temporary labor market exit son their subsequent work career» *Labour Economics* 24 (2013), s. 125–136

Hardoy, Inés og Pål Schøne (2010) «Incentives to Work? The impact of a 'Cash-for-Care' benefit for immigrant and native mothers labour market participation», *Labour Economics*, 17:6 (2013), s. 963–974

Høyre (2013) Politisk plattform for en regjering utgått av Høyre og Fremskrittspartiet (<http://www.hoyre.no/filestore/Filer/Politikkdokumenter/plattform.pdf>)

Innst. 103 L (2011–2012) Innstilling til Stortinget fra familie- og kulturkomiteen

Innst. S. nr. 200 (1997–1998) Innstilling fra familie-, kultur- og administrasjonskomiteen om innføring av kontantstøtte til småbarnsforeldre.

Lov om kontantstøtte til småbarnsforeldre (kontantstøttelova)

Naz, Ghazala (2004) «The impact of cash-benefit reform on parents' labour force participation», *Journal of Population Economics* 17, s. 369–383

NOU (2009). NOU 2009: 10 Fordelingsutvalget

NOU (2011a) NOU 2011: 7 Velferd og migrasjon

NOU (2011b) NOU 2011: 14 Bedre integrering

Prop. 8 L (2011–2012) Endringer i kontantstøtteloven. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Rønsen, Marit (2009) «Long-term Effects of Cash for Childcare on Mothers' Labour Supply», *Labour* 23 (3), s. 507–533

Schøne, Pål (2004) «Labour Supply Effects of a Cash-for-care Subsidy», *Journal of Population Economics* 17, s. 703–727